



Oddbjørn Syslak
Syslak
5955 Lindås

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/6289 - 22/77187

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2022

Løyve til bygging av landbruksveg på gnr. 110, bnr. 6 Syslak i Alver kommune.

Administrativt vedtak: Saknr: 1108/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Oddbjørn Syslak løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 110, bnr. 6 Syslak i Alver kommune. Søknaden er òg vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8 – 12 jf. § 7 og forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-2, 3.ledd.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Tiltakshavar lyt syte for at dokumentasjon på at tilkøyrt masse brukt i anlegget ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «Normaler for landbruksveier» – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 traktorveg.
- Nabobruk må ha rett til å nytte vegen for å ta ut skog på sin eigedom.
- Vedtaket er gyldig til 01.11.2025 og tiltaket må vere ferdig innan 01.11.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksveg-forskrifta § 3-2.

Saka gjeld [sett inn det som passar for type sak]

Oddbjørn Syslak søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg. Vegen vil verte knappe 200 m og vil sikre tilkomst til 3 daa innmarksbeite medan dekningsområdet for skog er på 1,5 daa. Hovudføremålet med vegen er landbruk – oppgjeve til 90%, medan skoginteressene er oppgjeve til 10%. Kostnad er ikkje oppgjeve.

VURDERING:

Føremålet med landbruksveg-forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruks-

vegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen er som nemnt ikkje kostnadsrekna, men i samband med framføring av vatn til industriområdet på Mongstad, vil det verte overskot av steinmassar i området. Endepunktet til vegen og området avsett til mellombels massetak ligg i anleggsområdet til vassforsyninga til Mongstad og opp mot fylkesveg 5496.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Statsforvaltaren i Vestland har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden. Dei peikar på ein av grunngevinga for vegen er at den skal nyttast i samband med spreining av gjødsel. Statsforvaltaren syner til gjødselvareforskrifta § 24 som omtalar kva som meir godkjent spreieareal. Innmarksbeite er i utgangspunktet ikkje er godkjent som spreieareal, men kommunen kan godkjenne det etter søknad jf. gjødselvareforskrifta § 24, andre ledd. Søkjar er ansvarleg for å søkje kommunen om dette når det vert aktuelt.



Fig. 1. Vegtraséen er tenkt lagt der steinane stikk opp av grasmarka. Den skal gå bort til anleggsområdet for vassforsyninga til Mongstad ligg og som vi skimtar midt og mot høgre i biletet. Det vil vere naudsynt med nokre stikkrenner.

Vestland fylkeskommune har ikkje kjennskap til automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen/masseuttaket. Dei har difor ikkje merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapsrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogkast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell granskning vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.



Fig. 2. Det mellombelse masseuttaket skal ligge i anleggsområdet for vassforsyninga til Mongstad og stoggar der fv5496 som vi ser muren av.

Delar av traséen skal byggjast nær grensa til bnr. 7 (under 1 m frå denne). Bnr. 7 har òg litt skogareal som denne vegen vil løyse ut. I søknaden er det lagt ved avtale mellom eigar av bnr. 6 og 7 som omfattar avstanden til bnr. 7. Vi har ingen merknad til avtalen utover at eigar av bnr. 7, må få høve til å bruke vegen for å ta ut den skogen som er aktuell å ta ut på hans eigedom. At dette var avtalt mellom dei to grunneigarane, vart munnleg stadfesta av grunneigar til bnr. 7 (søkjjar) under synfaring 07.10.2022.

Det skal køyrast til masse som er oppgjeve til å vere rein sprengsteinmassar frå Kjevikdalen. Desse massane er køyrt til og brukt til anleggsvegen ved det kommunale vassforsyningsanlegget. Massen skal fjernast etter at dette anlegget er ferdig, og søkjjar ynskjer å nytte seg

av denne massen. Kommunen er oppteken av at det skal kunne dokumenterast at slik masse ikkje inneheld ureining som t.d. avfallsrestar, tungmetall etc. Vi finn det rett å setje vilkår om dette i vedtaket.

Det kjem ein del vatn frå området til venstre synt i fig. 1. Det er viktig at vegen vert bygd i samsvar med «Normaler for veiklasser - med byggebeskrivelse» gjeldande for vegklasse 7.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
Naturmangfaldslova

[sett inn punktliste med kva regelverk som er nytta for vedtaket]

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Oddbjørn Syslak

Syslak

5955

Lindås